

---

Saksnr: 2020/49136-8  
Saksbehandlar: Odd Kenneth Mellingen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021

## Flytting av budsjettmidlar mellom løyvingsnivå

### Forslag til vedtak

1. Halvpart av dobbelt budsjetterte midlar i 2021-budsjettet frå posten *Vaksenopplæringsføremål - tilskotsordning for studieforbund* på 634 000 kr vert flytta frå løyvingsnivå *Kunst- og kulturutvikling* til løyvingsnivå *Bibliotekutvikling* som delfinansiering av inntektsbortfall i 2021-budsjettet på stilling tidlegare finansiert av avdeling for Opplæring og kompetanse.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering bed fylkesdirektøren gå i dialog med Avdeling for opplæring og kompetanse for å prøva å finne ei finansiell løysing på eit evt. vidare samarbeid om koordinatoroppgåver for skulebiblioteka i vidaregåande skular frå 2022.

### Samandrag

Seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune manglar lønsmidlar i budsjettet for 2021 til ei stilling som fram til 2020 vart finansiert av Avdeling for opplæring og kompetanse. Seksjonen har hatt ansvar for koordinatoroppgåver for skulebiblioteka i vidaregåande skular i fylket. Sidan 2006 har denne funksjonen lagt til tidlegare fylkesbiblioteket i Hordaland fylkeskommune, og sidan 2020 vore del av seksjon for bibliotekutvikling i Avdeling for kultur, idrett og inkludering. Stillinga til å utføre arbeidet har vore finansiert av Avdeling for opplæring og kompetanse. I vedteke budsjett for 2021 fall finansieringa av stillinga vekk. Konsekvensen er at Avdeling for kultur, idrett og inkludering ikkje lenger tilbyr denne tenesta for skulebibliotek i vgs. Ansvaret for koordinatoroppgåver for skulebiblioteka i vidaregåande skular i fylket ligg no hos Avdeling for opplæring og kompetanse.

Avdeling for kultur, idrett og inkludering vart gjort kjend med forslaget frå fylkesrådmannen, men valte å vente på Fylkestinget si avgjerd i saka. Fylkestinget sitt vedtak vart å leggje ned funksjonen som koordinator. Då dette førte til ei meirutgift for avdelinga, har fylkesdirektør brukt tida til å sjå på moglege høve til finne annan finansiering av stillinga. Det er lagt inn andre naudsynte arbeidsoppgåver til stillinga.

I samband med budsjettarbeidet for budsjett 2021, kom fylkesdirektør ved ein inkurie til å føre opp posten *Vaksenopplæringsføremål - tilskotsordning for studieforbund* i to ulike tabellar, noko som førte til ei dobbelføring av 634 000 kr. Fylkesdirektør ønskjer å flytta desse midlane frå løyvingsnivå *Kunst- og kulturutvikling* til løyvingsnivå *Bibliotekutvikling*.

Grunna bortfall av finansiering av stillinga med ansvar for koordineringsfunksjonen på Avdeling for opplæring og kompetanse, finn fylkesdirektør det tenleg å nytte dei dobbelførte tilskotsmidlane på 634 000 kr på posten *Vaksenopplæringsføremål - tilskotsordning for studieforbund* på løyvingsnivå *Kunst- og kulturutvikling*, til å delfinansiere ikkje budsjetterte lønsmidlar til stillinga på løyvingsnivå *Bibliotekutvikling*, og legg fram forslag til vedtak om dette.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Odd Kenneth Mellingen  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune manglar lønsmidlar i budsjettet for 2021 til ei stilling som fram til 2020 vart finansiert av Avdeling for opplæring og kompetanse. Seksjonen har hatt ansvar for koordinatoroppgåver for skulebiblioteka i vidaregåande skular i fylket. Sidan 2006 har denne funksjonen lagt til tidlegare fylkesbiblioteket i Hordaland fylkeskommune, og sidan 2020 vore del av seksjon for bibliotekutvikling i Avdeling for kultur, idrett og inkludering. Stillinga til å utføre arbeidet har vore finansiert av Avdeling for opplæring og kompetanse. I vedteke budsjett for 2021 fall finansieringa av stillinga vekk. Konsekvensen er at Avdeling for kultur, idrett og inkludering ikkje lenger tilbyr denne tenesta for skulebibliotek i vgs. Ansvaret for koordinatoroppgåver for skulebiblioteka i vidaregåande skular i fylket ligg no hos Avdeling for opplæring og kompetanse.

Samarbeidet med skulane har vore givande og lærerikt. I arbeidet med Strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune 2021-2024, har utvikling av fellestenester ein sentral plass. Det blir diskutert ulike løysingar for korleis dette best kan organiserast for framtida. Seksjon for bibliotekutvikling tek gjerne ei rolle i dette arbeidet igjen dersom det blir aktuelt, men fylkesdirektør meiner det er rett at Avdeling for opplæring og kompetanse skal ta lønskostnadene, då oppgåvene og tenesta vert utført der.

Avdeling for kultur, idrett og inkludering var kjend med forslaget frå fylkesrådmannen, men valte å vente på fylkestinget si avgjerd i saka. Då dette førte til ei meirutgift for avdelinga, har fylkesdirektør brukt tida til å sjå på moglege høve til å rette dette opp ved annan finansiering av stillinga.

Vidare vil fylkesdirektør peike på Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og fjordane og Hordaland, pkt. 6, avsnitt 4, der det heiter:

*Vernet mot medarbeidarar som evt. blir overtallige som følgje av samanslåinga, skal vare i 5 - fem - år frå samanslåingsdato. Ein skal i størst muleg grad nytta naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette i ein eventuell nedbemanningsprosess.*

På bakgrunn av dette, i tillegg til behova for å løyse andre viktige oppgåver på Bibliotekutvikling, ser ikkje fylkesdirektør at det er aktuelt med oppseiing i stillinga no. Avdelinga har lagt andre naudsynte arbeidsoppgåver til stillinga. Her kan nemnast oppgåver som planlegging og gjennomføring av kurs og samlingar, arrangementsturnear i folkebiblioteka, søknader om tilskot til arrangementsturne, deltaking i teamet for å utvikle digital samhandlingskultur mellom biblioteka i fylket knytt til interkommunale biblioteksamarbeid og rettleiing av prosjekt for kombinasjonsbibliotek mellom folkebibliotek og vgs i Kvam. Delar av stillingsressursen er gså nytta til å ta del i team for å utvikle tilbodet med digitale kurs og konferansar som har vore, og som framleis er høgaktuelt i desse tider med den pågåande koronapandemien.

I samband med budsjettarbeidet for budsjett 2021, kom fylkesdirektør ved ein inkurie til å føre opp posten Vaksenopplæringsføremål - tilskotsordning for studieforbund i to ulike tabellar, noko som førte til ei dobbelføring på 634 000 kr. Fylkesdirektør ønskjer å flytta desse midlane frå løyvingsnivå Kunst- og kulturutvikling til løyvingsnivå Bibliotekutvikling.

Grunna bortfall av finansiering av stillinga med ansvar for koordineringsfunksjonen på Avdeling for opplæring og kompetanse, finn fylkesdirektør det tenleg å nytte dei dobbelførte tilskotsmidlane på 634 000 kr på posten Vaksenopplæringsføremål - tilskotsordning for studieforbund på løyvingsnivå Kunst- og kulturutvikling, til å delfinansiere ikkje budsjetterte lønsmidlar til stillinga på løyvingsnivå Bibliotekutvikling, og legg fram forslag til vedtak om dette.

### Vedtakskompetanse

Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa for kvar sektor i driftsbudsjettet jf. VLFK sitt budsjettreglement pkt. 3.5.2.

### Vurderingar og verknader

Fylkesdirektør ser berre positive verknadar, då ein har høve til å delfinansiere mykje av ikkje finansierte lønsmidlar til stillinga i 2021.

**Økonomi:**

Fylkesdirektør sitt forslag vil ikkje føre til auka utgift, men redusere manglande budsjettmidlar til å løne stilling på løyvingsnivå Bibliotekutvikling i 2021.

**Klima:**

Fylkesdirektør ser ingen verknad for klima.

**Folkehelse:**

Fylkesdirektør ser ingen verknad for folkehelse.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaket med koordinator for skulebiblioteka i VGS er tenkt innarbeidd i Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

**Konklusjon**

Etter ei samla vurdering, finn fylkesdirektør å tilrå at Vestland fylkeskommune flyttar dobbelt budsjetterte midlar på 634 000 kr i 2021-budsjettet frå posten «Vaksenopplæringsføremål - tilskotsordning for studieforbund» på løyvingsnivå Kunst- og kulturutvikling, til styrking av lønsmidlar på løyvingsnivå Bibliotekutvikling som delfinansiering av inntektsbortfall, frå avdeling for Opplæring og kompetanse.